

# Møtereferat

Dato:02.03.2012

Emne:	<b>Referat frå Regionalt planforum 27.02.2018 – Detaljregulering Kollsnes næringspark og detaljregulering for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO<sub>2</sub> Øygarden kommune</b>	
Til stades:	Børge Haugatun Ottar Vik Sven S. Kallevik Øyvind Lunde Oscar Eide Per Gunnar Stavland Knut Robberstad Laurence Pinturier Arne Kristian Kolstad Henning Ekerhovd Morten Sageidet Kari Morvik Odd Tøsdal Marian Dagfrid Barsnes Ingelin Garen Odd Høydalsvik Lene Mathisen Kjell Asle Djupevåg Eva Katrine Taule Kjetil Bø Omarstrand Gunnhild Raddum Tale Halsør Vidar Totland Arthur Kristian Arnesen Ambjørg Reinsnos Henrik Jansen Grete Jacobsen	Øygarden kommune Øygarden kommune Øygarden kommune Øygarden kommune Naturgassparken Vest A/S Statoil Statoil Statoil ABO Plan & arkitektur Fjell kommune Fylkesmannen i Hordaland Fiskeridirektorat Mattilsynet Statens vegvesen Statens vegvesen Statens vegvesen Kystverket Kystverket Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune, Invest in Bergen Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune
Forfall:		Sak: 2014/13624-
Møtetid:	27.02.2018 Kl. 10:00-13:00	Møtestad: Fylkeshuset, Sunnhordland

**Møteleiar: Eva Katrine Taule**

**Referent: Kjetil Bø Omarstrand**

Eva Katrine Taule, fagleiar kommunale planar i Hordaland fylkeskommune, ønskte velkomen og orienterer om regionalt planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

## **Innleiing ved Ottar Vik, Leiar Utval for Drift og Samfunnsutvikling, Detaljregulering Kollsnes næringspark**

Naturgassparken, kommunen har vore medeigar frå 80 –talet. I dag er det 50/50 eigarfohald Øygarden/CCB.

Etablerte bedrifter i dag: BKK, GE Energi, Marine Harvest – samordningsfunksjonar, synergieffektar. 1200 daa regulert areal til næring. 70-80 tilsette på området. Øygarden kommune har i kai utanfor Marine Harvest til 25 – 30 millionar.

Reguleringsplan: Reguleringsendring har vore under arbeid i fleire år. og vert endra i 1997. Vedtatt reguleringsplan frå 1996. Det er investert i kryssutbetring frå FV561. To tilgrensande private planar. Det er to tilgrensande private planar til planområdet. Gasnor vurderer ekspansjon og ser på ny tilkomst. Ønsker å spreie trafikken. Ønskjer å leggje til rette for trafikk sjøvegen.

- Ljøsøya utgjer eit kjerneområde for næringsutvikling innanfor planområdet og utgjer 500 daa. Naturgassparken har inngått avtale med Statoil om å erverve inntil 115 daa på Ljøsøya. Ønskjer å bygge ned i landskapet for å dempe innsyn.
- Omsyn til freda kulturminner. Vil søke dispensasjon i kjerneområdet.
- Naturgassparken eig ca. 900 daa. Private grunneigarar er viktige medspelarar.

- Reguleringsplan for Naturgassparken har h yringsfrist 1.6.2018. Statoil kjem tilbake med ein eigen reguleringsplan for CO<sub>2</sub> anlegget.

### **Presentasjon ved Per Gunnar Stavland, Statoil ASA**

Tiltaket har lokal, regional, nasjonal og internasjonal interesse. Skal bidra til   oppfylle Paris-avtalen 40 % reduksjon av CO<sub>2</sub> i forhold til 1990. Jel ya-erkl ring jan 2018: CO<sub>2</sub> fangs og lagring (CCS – carbon capture and storage) nemnt som eit av fleire aktuelle tiltak.

- Gassnova SF p  vegne av Olje- og energidepartementet (OED) vil unders ke moglegheita for fangst av CO<sub>2</sub> ved Klementsrud Energigjenvinning, Yara Porsgrunn og Norcem Sementfabrikk. CO<sub>2</sub> skal fraktast med skip til Vestlandet,  ygarden kommune for mellomlagring. Vidare frakt gjennom r yrledning til lagring i geologisk deponi 1000-2000 meter under havbotnen t.d. i Smeaheia.
- Stegvis utvikling av ei marknad for CO<sub>2</sub> handtering. Frakavstanden mellom austlandet og vestlandet er ca. 600 km. Opnar for at europeiske akt rar kan levere CO<sub>2</sub> til Noreg.
- Utrednings- og planleggingsarbeidet skal bl.a. innehalde s knader til overordna myndigheter om godkjenning av prosjektet ihht. CO<sub>2</sub> lagringsforskriften:
  - Plan for utbygging og drift (PUD – omfattar i hovudsak aktivitet i reservoaret )
  - Plan for anlegg og drift (PAD – oppfatter i hovudsak aktivitet p  land og r yrledning).

B de PUD og PAD krev KU, og desse skal samordnast med frist for innlevering i midten av september 2019, etter at h yringsinnspel til KU er gjennomg tt og handsama.

- Prosjektet oppfatar etablering av mottaksterminal, kaianlegg, infrastruktur for lossing og lagring av CO<sub>2</sub>, mottaks/bes kssenter (tidleg i konseptfasen), og det skal utarbeidast detaljreguleringsplan med KU.

### **Detaljregulering for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO<sub>2</sub> Presentasjon ved Arne Kristian Kolstad, ABO Plan og Arkitektur**

#### Hovudinnhald:

- I oppstarten er alle alternative r yrtrasear inkludert i planomr det. Krav til reguleringsplan p  land og i sj  ut til 1 nautisk mil utanfor grunnlinja.
- Hovudinnhald: Detaljregulering mottaksanlegg og mellomlager, r yrtrase med tilh yrande kontrollkabel.
- Arealf rem l p  land: hovudsakleg industri
- Arealf rem l i sj : hovudsakleg bruk og vern av sj  og vassdrag
- Omsynssoner – anleggsverksemd, sikringsone
- Krav til KU etter sentralt og lokalt lovverk.

#### Arealf rem l Fedje kommune:

- Farled, Bruk og vern av sj  og vassdrag, fiskeomr de. Omsyn takast til ub t.

#### Arealf rem l  ygarden kommune

- Farled, bruk og vern av sj  og vassdrag, fiskeomr de, kaste og l ssetjingsomr de, akvakulturanlegg, omsynssone milit r verksemd, kombinerte f rem l (ynglefelt, tr lefeldt), N ringsverksemd, LNFR, Omsynssoner: landskap, landbruk, drikkevatn, sikringsone drikkevatn.
- Nokre akvakulturanlegg ligg innanfor det varsla planomr det.

#### Utgreiingsprogrammet, utgreiingstema for KU:

- Studiar p  fiskeri, havbruk og marint biologisk mangfald, landbruk, landskap og friluftsliv, naturmilj  og biologisk mangfald p  land, kulturmilj  og kulturminne p  land, feltarkeologisk forunders king, samfunns konomiske og samfunnsmessige konsekvensar, ROS, seismisk aktivitet, marinarkeologiske vurderingar.

#### Mogelege verknader av tiltaket, reguleringsplan:

- CO<sub>2</sub> lekkasje og spreiding. ROS-analyse vil utgreie dette n rare som del av KU.
- Tomteopparbeiding, etablering av anlegg p  land, etablering av r yrledning og kabel p  land og i sj , transport og lagring, fiskeri- og oppdrettsinteresser.

#### Koordinering av planprosesser:

- Reguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO<sub>2</sub> vert ei endring av reguleringsplan for Naturgassparken for dei areala som vert nytta.
- Folkemøte i Kystmuseet 5. mars.
- Innsending av plan med KU til 1. gongs handsaming, ca. 15. september

### Innspel

- Planprogrammet for reguleringsplan er på høyring med 6 veker frist, til 23 mars. Sjølve utgreiingsprogrammet for KU for heile tiltaket har frist 9. april. Burde vore samordna med felles frist 9. april.
- Regjeringa skal gjennomføre ein kvalitetssikringsprosess der godkjent reguleringsplan må føreliggje først.
- OED opererer med lengre høyringsfristar for KU (10-12 ukar) enn det som er normalt for reguleringsplanar.
- Stramme tidsfristar. Det kan verte aktuelt å samordna uttalane innan den første fristen. Det vart anbefalt at val av aktuell trase for røyrleidning avklarast raskt.
- Uvanleg å ha så store reguleringsplanar i sjø. Det vart stilt spørsmål til kor realistisk det er at ein ikkje kjem til å regulere i sjø.
- Mogelege alternativ til reguleringsplan i sjø har vorte vurdert, og vert diskutert i eit tidligare møte med Fylkesmannen. Statoil har konsultert plankonsulent og eigen jurist – dersom ein ikkje skal regulera i sjø, må ein likevel søkje om byggjeløyve i sjø. OED – gevinstrealisering. Det er i dag ikkje unntak i PBL for CO<sub>2</sub>-leidning i sjø i motsetning til røyrleidning i sjø for olje og gass. Prosjektet vil ta initiativ til møte med Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å drøfte PBL lovendringar for framtidige CO<sub>2</sub> røyrleidningar. Det er like KU-krav til røyr for handtering av CO<sub>2</sub>, som til olje- og gass.
- Planområdet har stort potensiale for funn av kulturminner, og det er behov for ny kartlegging i området. Kartlegging av kulturminner bør utførast før planen skal ut på høyring og avheng av traseval. Prosjektgruppa går inn for å innskrenke regjeringa til ein aktuell leidningskorridor.
- Pluss-sidene ved prosjektet må vektast høgare i KU. Viktig å kutte klimagassutslepp. Dette anlegget er det første av sitt slag og er etterlengta. Klimaperspektivet er viktig å synleggjera.
- PUD/PAD vil støtte opp om utgreiingsprogrammet. Oppsummeringa av høyringa av KU inngår i grunnlaget for Stortingshandsaminga av prosjektet.
- Klima- og naturressursseksjonen skal førebu politisk sak på prosjektet for Utval for Kultur, idrett og regional utvikling (20. mars) der ein forholder seg til Regional klimaplan, og reguleringsplanane.
- Høyringsfristar: Kollsnes næringspark (1. juni, utgreiingsprogram for KU for Northern Lights 9.april, detaljreguleringsplan for CO<sub>2</sub> mottaksanlegget 23. mars).

### Innspel til traseval:

- Klar fordel om val av røyrtrase vert avklart på eit tidleg stadium for å få ein grundig KU, og effektiv planprosess. Prosjektgruppa arbeider aktivt med å avklare dei beste alternative traseane.
- Det vart fremja at ein røyrtrase i sørvestleg alternativ nord eller sør for Kollsnesanlegget vil bidra til ein mindre kompleks planprosess ettersom planlegginga då berre omfattar ein kommune.
- Det vart trekt fram at bruk av eksisterande røyrleidning vil bidra til at ein unngår interessekonfliktar.
- Det vart stilt spørsmål til Forsvarets sin rolle i dette planarbeidet. Prosjektgruppa har opplyst Forsvaret om utgreiingsarbeidet, og har fått tilgang til relevant data. Når det gjeld marin aktivitet innanfor planområdet er dette ikkje koordinert med Forsvaret på noverande stadium.
- Det vert påpeikt at eit av alternativa til røyrtrase som er synleggjort i utgreiingsprogrammet til KU, kryssar nedslagsfeltet til Steinsvatnet som er hovuddrikkevasskjelde i Øygarden kommune. Kommunen og prosjektgruppa opplyste om at dette skal takast omsyn til, og at ein skal forsøke å unngå kryssing av nedslagsfeltet.
- Viktig å unngå kome nær fortøyingar til akvakulturanlegg.
- Forholdet til ubåten utanfor Fedje må tydeleggjerast. Slik det er skissert no vil ei røyrleidning kunne passere ca. 600 utanfor sikringssona til ubåten. Rundt ubåten er det ei restriksjonssone med 1 km diameter. Det vart opplyst at forholder rundt ubåten per i dag er stabile.
- Godt kartlagt havbotnen. Diameteren til den største røyrleidningen som er vurdert brukt vert oppgitt til å vere 14 tommar (ca. 35,6 cm). Eksisterande røyrleidningar i området er dels mindre, og dels større enn dette. Omsynet til seismisk aktivitet i området er ivareteke gjennom standard prosedyrar for design av røyrleidningar.
- Detaljer kring etablering, utforming og bruk av kaianlegg var etterspurd, og må avklarast på eit tidleg stadium. Skipslengde, tonnasje og anløp som nemnt i utgreiingsprogrammet til KU er ganske sikre opplysingar.

- Multiconsult er engasjert i arbeidet med kaier og undervassaktivitet, medan fleire andre selskapa er engasjert i utarbeidinga av sjølve mottaksanlegget og val av røytrasear.
- Reguleringsplan for Naturgassparken må avklare forholdet til FV561 og rekkjefølgjekrav må fastsetast. Med fleire røyrløysingar som kryssar veg, bør trafikksikringstiltak under anleggstida inngå som eit eige punkt i KU. Det vart opplyst frå prosjektet at det tidlegare vart lagt røyrløysing under FV561 ved bruk av borehull slik at trafikken kunne gå som vanleg. Alternativt kan det vere aktuelt å bruke omkøyingsveg under anleggsperioden.
- Det trengs truleg ein ytterlegare kryssutbetring ved Naturgassparken, med høgre avkjøringsfelt mot nord
- Det vart framheva at val av trase over land må tilpassast terrenget for å minimere terrenginngrep.
- Sikkerheita ved lagring og frakt av CO<sub>2</sub> vart drøfta. CO<sub>2</sub> er verken eksplosjonsfarlig eller brannfarlig. Største fara er ein eventuell lekkasje. I større konsentrasjonar er CO<sub>2</sub> kvelande. Det må takast omsyn til dette ved å berekne spreining og fastsetting av omsynssoner. Det er god erfaring med å frakte CO<sub>2</sub>, men ikkje i røyrløysing over land i Norge. Då prosjektet omfattast av både forskrift og pbl. er både DSB og Fylkesmannen sentrale myndigheiter. Tiltaket omfattast truleg av storulukkeforskrifta og dette skal diskuterast av prosjektet med Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap.
- Det vart opplyst at ein trasekorridor på land truleg vil vere 30-50 meter bred, men at praktisk anleggsbreidde truleg er smalare enn dette. Ein kan ikkje på noverande tidspunkt fastslå breidde på den endeleg regulerde traseen, då dette er avhengig av m.a. behov for omsynssone/tryggleikssone.
- 

#### Innspel til utgreiingsprogram:

- Inngrep på land må tydeleggjerast for å unngå konflikhtar. Kulturminner, landskap og biologisk mangfald vart mellom anna nemnt som viktige tema som må omtalast.
- Maritim næring og skipstrafikk bør inkluderast som eigne utgreiingstema med AIS-data.
- Behovet for arkeologiske undersøkingar må løftast.
- Innan landskapstema har HFK registreringar: ([http://kart.hfk.no/gismobile\\_nw/?Viewer=kartinvest\\_lett](http://kart.hfk.no/gismobile_nw/?Viewer=kartinvest_lett))
- Viktig at KU synleggjer problematikkk knytt til drikkevasskjelda Steinsvatnet. Det vart opplyst at temaet blir mindre aktuelt dersom linealternativet i nedslagsfeltet til Steinsvatnet ikkje vert vidareført.
- Viktig at KU vektlegger bakgrunnen for val ein har tatt og synleggjer korleis ein har vektlagt ulike alternativ. Ein bør i ei tidleg fase eliminera dårlege traseval.
- Prosjektgruppa påpeikte at dei langt på veg ønskjer at minst mogleg av traseane skal gå over land.
- Det vart stilt spørsmål til kva som ligg under temaet samfunnsøkonomiske og samfunnsmessige konsekvensar – eksisterande næringsverksemd, potensiale for framtidig næringsutvikling, busetnad som grensar til planområdet.

Fleire etterspurde korleis prosjektgruppa forhold seg til potensiell næringsutvikling som følgje av utviklinga av anlegget

- Det vart opplyst at prosjektet er ein del av ein storskala satsing på CO<sub>2</sub> handtering i Noreg, kor det i første omgang er snakk om å ta i mot 1,5 tonn CO<sub>2</sub> årleg. På sikt kan det vere aktuelt å ekspandere å ta i mot opp i mot 4 tonn årleg. Prosjektgruppa forklarte at det på noverande tidspunkt er for tidleg avklare potensielle verksemdar som skal inngå i utviklinga av denne næringskjeda, og ønskjer ikkje å vere garantistar for vidare utvikling av næringskjeda. Interessentar har likevel tatt kontakt.
- Etableringa av anlegget kan opne for hydrogenproduksjon, men på noverande tidspunkt er dette for tidleg å avklara.
- Det vart påpeikt at det er viktig at prosjektet synleggjer potensielle gevinstar i form av mogleg næringsutvikling, på lik linje som potensielle negative konsekvensar vert avklart.
- Gjenbruk av eksisterande røyr frå Mongstad kan verte aktuelt.
- Øygarden kommune er oppteken av synergieffektane dette prosjektet vil kunne medføra, miljøvenleg teknologi og trakk fram at fleire interessentar, nasjonalt og internasjonal har teke kontakt.

#### **Detaljreguleringsplan for Kollsnes næringspark, ved Ottar Vik**

Fleire interessentar har teke kontakt, nasjonale og internasjonale. Planer om å utplanere store deler av området ned til kote 3-5. Det er gjort ein avtale med Statoil om 115 daa. Omlag heile Ljøsøya er reservert for næringsverksemd. I første omgang vil Statoil nytta seg av 30-50 daa. Ved utplanering av området vil det takast omsyn til tilgrensande busetnad. Meir publikumsretta areal ligg til vest for næringsområdet. Naturgassparken eig heile Ljøsøya. Planarbeidet er blitt tilpassa utviklinga av anlegget for mottak, lagring og

deponi av CO<sub>2</sub>. Høgt fokus på at planen skal vere så god som mogeleg. Er i kontakt med eit miljø på høyteteknologisenteret i Bergen er leiande på karbonhandtering.

Innspelel:

- Viktig at kryssløysingar vert ivareteke og på plass før utbygging. Rekkefølgjekrav.
- I gangsettingstillating må vere på plass.
- Busslommer: Må vere trygg kryssing for gåande/syklande, og infrastruktur for buss.
- Visningssenter vil tiltrekke seg oppmerksomheit. Areal er lagt inn for å styre trafikken. Øygarden kommune meiner det vil vere naturleg at busser svingar innom området. Ønskjer å samle parkeringsplasser slik at ein unngår bruk av nyttig areal til parkering spreidd utover planområdet.
- Saknar ein nærare omtale om kva effekt auka trafikk vil ha på fylkesvegnettet og trafikkbelastning.
- Ettersom det er gjort endringar i det eksisterande plangrunnlaget frå 1997, er det naturleg å kommentera det eksisterande plangrunnlaget i høyringsuttalane.
- Ved planering må det takast særskilt høgde for støy og tryggleik. Støyrisiko er ikkje undersøkt per no men skal vurderast. Statoil vurderer å ikkje planere ut heile området bak lokaliseringa til anlegget.
- Dei største endringane i forhold til den eksisterande reguleringsplanen er i sørlege delar av Ljøsøya.
- Det er fleire registrerte kulturminner ein må søke om dispensasjon for.